

Adm.eining: Arealseksjonen

Saksbehandlar: Ola Midttun

Telefon: 55 23 80 00

Vår referanse: 23/11413

Dykkar referanse: 2018/450 - 2023/8043

Dato: 04.10.2023

Masfjorden kommune

Att:

Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Uttalelse til søknad om dispensasjon for etablering av forflåte på lokalitet 13704 Vikane

Vi viser til brev datert 20.09.2023 fra Masfjorden kommune og brev datert 19.09.2023 fra STIM AS.

Fiskeridirektoratet ser ikke at søknad om dispensasjon for etablering av forflåte kjem i konflikt med viktige fiskeriinteresser av regional eller statleg karakter.

Saka gjeld

STIM AS på vegne av Blom Fiskeoppdrett AS søker om løyve til utlegging av forflåte utanfor arealet som er avsett for akvakultur i kommuneplanens arealdel (KPA) for Masfjorden ved lokalitet 13704 Vikane. I gjeldande KPA er arealet avsatt til fiske.

Blom Fiskeoppdrett AS har søkt om løyve etter Akvakulturlova for flytting av anlegg på lokalitet 13704 Vikane. Etter ny omsøkt lokalisering vil anlegget ligge innanfor areal av sett til akvakultur i KPA. Blom Fiskeoppdrett AS ønskjer å leggje ut forflåta ved sidan av oppdrettsanlegget for å redusere ulempor for einebustader og berørte grunneigarar.

Fiskeridirektoratets rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi har som oppgåve å medverke i planlegging etter plan- og bygningslova når fiskeri- og havbruksinteresser i kyst- og sjøområde vert berørt. Ei av oppgåvene er å gje uttale i dispensasjonssaker etter kapittel 19 i lova.

I høve til søknad om dispensasjon for akvakultur i sjøområde avsatt til fiske i KPA, skal Fiskeridirektoratet uttale seg om verknadene omsøkte dispensasjon kan få for bruk av sjøområde til fiske.

Fiskeridirektoratets vurdering

Fiskeridirektoratet meiner generelt at det må settast av tilstrekkelig areal til akvakultur slik at områda vert funksjonelle opp i mot framtidig bruk. Akvakulturområdet ved Einestrond er etter

vår vurdering marginalt og gjev liten fleksibilitet for arealbruk t.d. for forflåte som det no vert søkt om dispensasjon for.

Ved å plassere forflåta på nordsida av anlegget, vil ein avbøte negativ påverknad for fastbuande og grunneigarar ved støy og lys slik det vert framheva i kommunen sitt skriv.

Jf. akvakulturforskrifta § 18 første ledd, gjeld forbud mot å drive fiske nærmere anlegget enn 100 meter og å ferdast nærmere enn 20 meter. Forflåta vert rekna som del av akvakulturanlegget, og 100-meters grense for fiskeforbod vil gjelde frå flåta sitt faktiske ytterpunkt i overflata.

Fiskeridirektoratet peiker på at søknad om dispensasjon for etablering av forflåte fysisk vil kome til fortrengsel for utøving av fiske. På bakgrunn av sporingsdata frå fiskefartøy som Fiskeridirektoratet har tilgong til, og generell kunnskap vi har om fiske, vurderer vi at utøving av fiske i det aktuelle sjøområdet er mest av lokal karakter. Vi ser heller ikkje at omsøkte plassering av forflåte vil være utslagsgivande for konfliktpotensialet med fiske i lys av at fortøyningssystema til forflåta ikkje vil strekke seg lenger ut enn fortøyningssystema til sjølve oppdrettsanlegget. I denne samanhengen ser vi foringsflåta sitt arealbeslag som marginalt.

Fiskeridirektoratet ser ikkje at søknad om dispensasjon for etablering av forflåte kjem i konflikt med viktige fiskeriinteresser av regional eller statleg karakter og vi vil ikkje rå i frå at søknaden vert innvilga.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Masfjorden kommune Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES

Kopi til:

Blom Fiskeoppdrett As	Ulvøyvegen 130	5337	Rong
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Stim As	c/o Lofoten Bio Centre	8370	Leknes
Sør-Norges Fiskarlag	Storeidøya 60		
	Postboks 936	6001	Ålesund

